



Foto frå tiltak 5 i Førdepakken, Bergumkrysset:

# Årsrapport Førdepakken 2018:

## 1. Samandrag

Det er stor aktivitet i Førdepakken, og arbeidet går i store trekk bra. Vi har slutført hovudentreprise for tiltak 5 rv. 5 Bergumkrysset og tiltak 16 kv. Gang- og sykkelveg Naustdalsvgen – Angedalsvegen og er i ferd med å avslutte tiltak 6/7 E39/fv. 609 Askvollkrysset – Steinavegen.

Tiltak 3/4 E39 Hafstadflata og parsell 2. parsell av tiltak 10 Gang- og sykkelveg Hafstad – Brulandsvellene er under utføring.

Største utfordringa er framleis forseinkinga på tiltak 1, Angedalsvegen – Hafstadvegen (bru over Jølstra ved Førdehuset). At den ikkje vart bygd først vil gje oss noko større problem med omsyn til trafikkavvikling særskilt i anleggsperiodane, men trasevalet vart ikkje endeleg gjort av Førde kommune før i februar 2019.

Denne årsmeldinga tek for seg utbyggingssida av Førdepakken, ikkje inntektssida, sjå eige kapittelet om bompengar under.

## 2. Innholdsforteikning:

## Innhold

1. Samandrag .....	1
2. Innholdsforteikning: .....	1
3. Målsetjing for Førdepakken: .....	2
4. Finansiering: .....	3
5. Status tiltak i Førdepakken .....	3
Tiltak 1 Angedalsvegen-Hafstadvegen: .....	4
Tiltak 2 Fv. 484 Vievegen .....	5
Tiltak 3/4 E39 Hafstadflata .....	6
Tiltak 5 Rv. 5 Bergumkrysset .....	6
Tiltak 6/7, E39/fv. 609 Askvollkrysset - Steinavegen:.....	6
Tiltak 8 Gangbru over Jølstra i sentrum .....	6
Tiltak 9 Storehagen:.....	6
Tiltak 10 GS-veg Hafstad - Brulandsvellene.....	7
Tiltak 12 Indre Øyrane-Langebruvegen .....	7
Tiltak 13 E39 GS-veg Halbrend skule – Hogane .....	7
Tiltak 14 E39 Fjellvegen/Hafstadvegen .....	8
Tiltak 15/19 Angedalsvegen – Slåtten skule.....	8
Tiltak 16 Kv. Gs-veg Naustdalsvegen – Angedalsvegen:.....	8
Tiltak 17 Rv. 5 GS-Klettatunnelen.....	8
Tiltak 18 .....	9
Tiltak 20 Fv. 609 Halbrendsøyra – Indre Øyrane (bru over Jølstra).....	9
6. Økonomi .....	9_Toc23314069
7. Bemanning.....	11
8. HMS .....	11
9. Bompengar: .....	11

### 3. Målsetjing for Førdepakken:


Prosjekta i Førdepakken skal byggast innan planlagt tidshorisont og økonomiske føresetnader gitt i st.prp. 137 S (2014-15) med seinare handsaming i Stortinget med kvalitet fastsett gjennom Statens vegvesen sitt kvalitetssystem.

Førdepakken er eigd av tre partar, staten, Sogn og Fj. fylkeskommune og Førde kommune. I samsvar med samarbeidsavtale – og stortingsprop. 137 S har SVV teke på seg å stå som byggherre på alle dei 20tiltaka. Styringsgruppa er det øverste organet i Førdepakken.

Førdepakken som prosjekt har som overordna målsetting:

- betre kapasitet i vegnettet
- auka delen gåande og syklende
- bidra til sentrumsutvikling og mindre framtidig transportbehov

#### 4. Finansiering:



*Kommentarar til grafen:*

*Totalkostnad: 1,65 milliard i 2015-kr. = ca. 1,8 milliard i 2018kr.*

*Syner utbyggingskostnader, ikkje drift av bomselskap, lånekostnad og liknande. Dette finn ein i årsmeldinga frå Ferde as sjå kap. om bompengar under.*

#### 5. Status tiltaka i Førdepakken

Kartet viser alle tiltak som er planlagt bygd i Førdepakken.



### Tiltak 1 Angedalsvegen-Hafstadvegen:


Tiltaket vart sett på førsteplass i prioriteringane i Førdepakken fordi reguleringsplan var ferdig og tiltaket vart sett på som svært viktig for trafikkavviklinga i Førde. Når ein starta arbeida oppdaga ein at vi av ulike grunnar ikkje kunne bygge etter den vedtekte reguleringsplanen frå 2009.

Det vart då utarbeidd eit forprosjekt hausten 2017. Her tilrådde SVV å bygge etter brutrase 01 av tre alternativ.

Det vart frå kommunen si side ytra eit ønskje om ein «second opinion» på dette forprosjektet og Statens vegvesen sine tilrådingar. Dette vart forsøkt etterkomme ved at ein i jan.18 heldt ein større «verkstad» der aktørarar frå Førde kommune, brukarinteresser av Førdehuset, idretten samt nokre innleigde konsulentar prøvde å sjå dette med nye auge og kome opp med andre framlegg til brutype og brutrase.

Etter dette arbeidd Statens vegvesen vidare med ein tilleggsrapport. Denne vart ferdig i september 2018. Her vart no vurdert fire alternativ. Eitt i tillegg til dei tre ein hadde frå før. Statens vegvesen opprettheld i tilleggsrapporten si tilråding på brutrase nr.01. Bystyret gjorde 26. oktober 2018 vedtak om at ein ønskjer meir utgreiingar på alternativ 02 og 04, alternativ 01 og 03 gjekk ut. Statens vegvesen vil greie ut saka slik øvste planmyndigheit, Førde kommune, ønskjer.

Etter bystyret sitt vedtak den 26. oktober 2018 vart det utgreidd to nye notat, eit frå kommuneadministrasjonen og eit frå Statens vegvesen. Sistnemnde tek føre seg dei vegtekniske konsekvensane og utgreiingane som bystyret spør om. SVV og kommuneadministrasjonen har kvar for seg kome fram til at ein rår til å gå for alternativ 2 av dei to gjenståande alternativa. I dette alternativet vil deler av kunstgrasbana ved Førdehuset gå med til vegareal. Dette skal på nytt handsamast av bystyret den 28. februar 2019. Vi fekk då vedteke ein brutrasede slik at vi kunne starte reguleringsarbeidet som allereie er langt på etterskot i høve opphavleg framdriftsplan.



· *Skissa syner dei fire alternative brutrasedeane over Jølstra ved Førdehuset.*

### Tiltak 2 Fv. 484 Vievegen

Gjeld gang- og sykkelveg langs fylkesvegen framom sjukehuset. Reguleringsplanen for dette tiltaket vart vedteken i februar 2017 i samsvar med alt. 1. Helse Førde klaga på planvedtaket men fekk ikkje medhald i klagen hos Fylkesmannen. I november 2017 søkte vi til riksantikvaren (RA) om dispensasjon frå kulturminnelova for inngrep i sjukehusparken som er freda. Vi fekk så melding om at Helse Førde har under planlegging å utbetre krysset inn til akuttmottaket (ambulansekrysset). Dette tiltaket og bygging av tiltak 2 i Førdepakken grip inn i einannan og bør absolutt utførast som eit fellesprosjekt der partane ber kvar sine kostnader.

Riksantikvaren innvilga i januar 2019 dispensasjonen frå kulturminnelova men på fleire vilkår. Vi har hatt møte med Helse-Førde der vi i fellesskap har prøvd å tolke desse vilkåra. Vi har også bedt riksantikvaren om ei nærare grunngeving på nokre av vilkåra samt søkt om utsetting av klagefristen.

Grunna sær lang sakshandsamingstid hjå riksantikvaren samt at vi må vente til Helse-Førde sin reguleringsplan vert vedteken har vi måtta utsette dette tiltaket i tid slik at anbudsutlysing er utsett til februar 2020.

### Tiltak 3/4 E39 Hafstadflata

Reguleringsplanen vart vedteken av bystyret i september 2017. Prosjektering og grunnnerverv er ferdig og styringsgruppa vedtok på møte i oktober 2017 å slå saman dette tiltaket med 2. parsell av tiltak 10 i utføringsfasen. Det syner seg allereie no at dette gjev gode synergieffektar. På tiltak 10 har Førdefjorden energi as (FFE) meldt frå om at dei vil legge fram fjordvarmerøyr i vegtraseen og ønskjer samarbeid med Førdepakken. Det har vi sjølv sagt godkjent og har samordna prosjekteringa slik at arbeida i marka vart utlyst som ei entreprise. I motsetning til tiltak 16 vil Førdepakken stå som byggherre for begge partar etter samarbeidsavtale.

Tiltaka 3,4 og 10 vart lyst ut på anbod i oktober 2018. Entreprenørservice As vann konkurransen med lægste anbodet på 41,8 mill. kr. eks. mva. Arbeid i marka starta tidleg i februar 2019.

### Tiltak 5 Rv. 5 Bergumkrysset

Hovudentreprise for veg- og tunnel er ferdig og veganlegget opna 3. juli 2018.

Sluttoppgjeret med hovudentreprenøren er også ferdig og vi har lyst ut entreprise for isolering av hus mot trafikkstøy tidleg i februar 2019. Vi har difor ikkje noko ferdig anleggsrekneskap å presentere enno.

### Tiltak 6/7, E39/fv. 609 Askvollkrysset - Steinavegen:

Reguleringsplan er vedteken. Entreprenør Magne Hafstad as fekk jobben etter tilbudsutlysing på vanleg måte hausten 2017. Ser så langt bra ut med tanke både på økonomi- og framdrift. Byggearbeida starta i januar 18 i samsvar med gjeldande framdriftsplan.

Ananleggsarbeida har omtrent vore i rute. Vi har hatt nokre utfordringar med trafikkavvikling, sprenging tett på busetnad og liknande. Ingen store hendingar eller ulykker så langt. Vi er også godt nøgde med samarbeidet med entreprenøren.

### Tiltak 8 Gangbru over Jølstra i sentrum

Reguleringsarbeidet starta våren 2018 med førebuande oppgåver men er framleis i «skissefase». Har fått avklaring på tilhøva til privat reguleringsplan for Elvekanten som ligg inntil dette prosjektet. Arbeider framleis med å sende ut eit avrop (parallelloppdrag) hjå arkitekt- og / eller konsulentar der vi ber om at tilbydarane kjem med framlegg til brutype og utforming. Då får vi eit startgrunnlag.

### Tiltak 9 Storehagen:

Arbeid med reguleringsplanen starta hausten 2017. Også dette prosjektet har mange avklaringar mot naboar- og interessentar. Det er usikkert med kostnadar i forhold til grunnnerverv. Det er mål om at reguleringsplanen skal vere vedteken juni 2019. Det vart drøfta på styringsmøtet i juni om bensinstasjonen bør sanerast vekk og om det bør vere eit høgresvingefelt ved Amfi ut i rv. 5. Konklusjonen er at desse to deltiltaka ikkje var med i det opphavlege anslaget for tiltak 9 og dermed ikkje er ein del av Førdepakken, men kan nok takast med viss ein finn økonomisk rom for det.

Ein har hatt drøftingar med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Førde kommune og Firda Billag om kva som skal være hovudruta for bussar som kjem til/frå sentrum og Jølster.

Siste anslaget syner at prosjektet vart for dyrt når alle «kvalitetar» var medtekne. Det kom på 125 mill.kr, og vårt budsjett tilseier 104,9 mill.kr i 2018-kr. Når vi tek omsyn til at vi stoppar prosjektet tidlegare i aust på grunn av usikkerheita med koplinga mot tiltak 1 har vi knapt 85 mill.kr til dette tiltaket.

Statens vegvesen har jobba vidare med reguleringsplanen, og har blant anna jobba med hovudruta for buss til/frå sentrum og Jølster. Det er trøngt i meierikrysset og vanskeleg å gjere inngrep opp mot kunstnarsenteret. Det er og problem for å kome forbi bensinstasjonen i Storehagen, og det må gjerast uheldige grep på vegframføringa for å kome forbi. Førdefjorden energi as har søkt samarbeid også på denne parsellen.

Tiltaket er sett på vent til vi er ferdige å regulere tiltak 1.

### Tiltak 10 GS-veg Hafstad - Brulandsvellene

Ca. 400 meter av 1,0 km er ferdig bygd i samarbeid med FFE hausten 17. Reguleringsplanen vart vedteken i oktober 2017. Her stod Førdefjorden energi som byggherre. På 2.parsellen er Statens vegvesen byggherre og dette er slege saman i ein kontrakt med tiltak 3/4.

Prosjektering og grunnerverv er ferdig og tiltaket vart lyst på anbod i oktober18. Entreprenørservice AS hadde lægste anbodet og vann konkurransen. Arbeid i marka starta i februar 2019. Det er eit enkelt prosjekt utanfor trafikk og busetnad, men det må takast omsyn til elva og fiskeinteressene.

### Tiltak 12 Indre Øyrane-Langebruvegen

Reguleringsplanen vart vedteken i desember 2017. Det vart påklaga av grunneigarar, men fylkesmannen som klageinstans avviste alle klagene. Prosjektering og grunnerverv er i gang. Oppstart er utsette til etter sommaren 2019 på grunn av at prosjekteringa treng noko meir tid for å gjennomføre grunnboringar og andre undersøkingar, særskilt i Løken som vegen kjem til å krysse. Det vart lagt opp til at stein frå tunnelen i tiltak 17 Klettatunnelen skal nyttast på tiltak 12 som har masseunderskot. Difor var tiltak 12 og 17 planlagt lyst ut som ein kontrakt. I november 2018 vedtok styringsgruppa å mellombels stoppe tiltak 13 fordi kostnadene truleg vil verte høgare enn forventta. Det vart i mars 2019 i styringsgruppa konkludert med at tiltak 13 bør utførast saman med tiltak 12, sjå under med anbudsutlysing sommaren 2019.

### Tiltak 13 E39 GS-veg Halbrend skule – Hogane

Reguleringsplan vart vedteken i november 2017. Tiltaket var ferdig prosjektert og klar for utlysing hausten 2018 slik som planen var. Framdrifta vart stoppa i påvente av handsaming i styringsgruppa i november 2018. Dette på grunn av at det truleg gjekk mot stor prosentvis økonomisk overskriding på dette tiltaket. Tiltaket har ei økonomisk ramme på 10,8 mill. 2019-kroner og er difor det minste av alle tiltaka i Førdepakken. Styringsgruppa vedtok at tiltaket vart mellombels utsett i tid fordi det var trøng for nærare utgreiing. Det vart etter dette vedteke av styringsgruppa i mars 2019 at tiltak 13 skal lysast ut med tiltak 12 som ein entreprise pga. det var om lag like mykje masseoverskot på tiltak 13 som det var trøng for på tiltak 12. Dei første hundre metrane av tiltak 13 frå profil 0 til ca. 100 vert kutta.

### Tiltak 14 E39 Fjellvegen/Hafstadvegen

Reguleringsarbeid vart starta hausten 2017. I gjeldande framdriftsplan er regulering tenkt ferdig i desember 2019. Det er mange utfordringar å ta stilling til både mot private- og næringsinteresser. Dette må avklarast gjennom reguleringsarbeidet. Det har vore arrangert fleire folkemøte med godt oppmøte og interesse. Det er avdekkja ein del vanskelege problemstillingar rundt utforming/plassering av kryss, og spesielt i vestre del er det stort fokus på eventuelle tap av parkeringsplassar. Det ser ut til at vi klarar å lande dei fleste løysingane i denne reguleringsplanen.

Fekk avklart, gjennom planfagleg råd i planutvalet i Førde kommune, at vi arbeider vidare med alternativ A1 for vestre del av planområdet. Dette var i samsvar med tilrådinga frå Statens vegvesen. Bensinstasjonen Circle K må løysast inn, men vi kan då få til eit kryss ut i E39 som stettar vegnormalane. På denne måten slepp vi fleire nye kryss ut i E39 frå Hafstadvegen-aust. Det er også avklart at gang- og sykkelvegen skal leggjast gjennom Hafstadvegen. I søknaden til Stortinget låg denne som ein rein sykkelveg langs E39-Fjellvegen. Denne endringa meiner vi at Statens vegvesen og Førde kommune må kunne vedta utan å involvere overordna myndigheiter.

For austre del av planområdet ser det ut som at forholda løyser seg. Her slepp ein å løyse inn ESSO-stasjonen, men nokre bustadhus vis a vis må innløyast. Eitt av dei er allereie kjøpt ut.

### Tiltak 15/19 Angedalsvegen – Slåtten skule

Reguleringsplanarbeid i Angedalsvegen er godt i gang og det vert brukt store ressursar på undersøkingar, utgreiingar og planarbeidet. Det vert arbeidd med å avklare grunnforhold og veglinje. Kvikkleire og krav til stabilitet gjev lite handlingsrom mot elva. Mange eigedomar vert påverka. Det er gjennomført synfaringar og møte med mange grunneigarar.

I gjeldande framdriftsplan er reguleringsarbeidet tenkt ferdig i desember 2019. Årsaka til forseinking er avklaringar innan geoteknikk. Kvikkleireområdet har vorte meir omfattande enn vi frykta. Samstundes vart krava i handbok N200 strengare i fjor for slike område.

### Tiltak 16 Kv. Gs-veg Naustdalsvegen – Angedalsvegen:

Tiltaket er ferdig og vart opna 5.oktober 2018.

Tiltaket omfattar gang- og sykkelveg frå rv. 5 ved Amfi-Nord gjennom Løken, forbi sjukeheimen, langs Kyrkjevegen og Elstervegen like fram til Førdehuset. Arbeida starta i august 2016 for Førdefjorden energi sin del, og Statens vegvesen kopla seg på seinare.

Sluttoppgjeret er nesten ferdig. Vi må deretter føre forhandlingar mot Førdefjorden energi as som vi skal «dele kostnader» med på dette tiltaket.

### Tiltak 17 Rv. 5 GS-Klettatunnelen

Reguleringsplanen vart vedteken i november 2017. Prosjektering og grunnnerv i gang. Prosjektgruppa vedtok i 2017 å slå dette tiltaket saman med tiltak 12 i utføringsfasen, sjå tiltak 12 over. Dette rekna vi med ville gje klare synergieffektar.



Etter at ein kom i gang med prosjekteringa måtte ein også underlegge påhoggsområda ei nærare utgreiing. Det synt seg då at påhogg-vest på Bergumsida var geologisk vanskelegare enn føresett under reguleringsarbeidet. Vi føretok difor ei ny vurdering av påhogg vest og kom fram til at både geologiske- og HMS-grunnar bør flytte påhogget lenger vekk frå rv. 5. Dette kan ikkje gjerast utan omregulering. Vi måtte difor starte reguleringsprosessen «på nytt» med utlysing og full kommunal handsaming.

Det er sjølvsagt uheldig at vi måtte omregulere vel eit år etter at reguleringsplanen vart vedteken, men vi såg ikkje andre mogelege val. Det kan sjølvsagt stillast spørsmål om kvifor dette ikkje vart oppdaga i reguleringsfasen. Det er oftast slik at det er eit kompromiss kor langt vi går i forundersøkingar sett opp i mot kostnader i reguleringsprosessen. Til dømes kjem grunnboringar fort opp i millionkostnader. Her valde vi å stoppe forundersøkingane når vi var rimeleg sikker på at det var funne eit påhogg som kunne utførast.

Omlegginga av traseen som vi no ser som mogeleg fører til at tunnelen vert ca. 90 meter lengre og noko dyrare. Reguleringsplanarbeidet er godt i gang.

## Tiltak 18

Ikkje starta.

## Tiltak 20 Fv. 609 Halbrendøyra – Indre Øyrane (bru over Jølstra)

Dette tiltaket vart særskilt handsama av styringsgruppa i februar 2018 og det vart gjort følgjande vedtak:  
*«Greie ut løysing for tiltak 20 for å sjå om kostnaden i St.prp. held. Må og vurdere om det er gjennomførbart i forhold til areal.»*

*Sjekke ut stortingsvedtaket i forhold til handsaming av ei ev. kostnadsoverskriding på totalramme. Vurdere om vi kan endre på rekkjefølgja på tiltaka, og kva prosess som er naudsynt.»*

Ikkje lenge etter vart vi kontakta av bedriftene på Halbrendøyra som oppmoda om eit møte. Dette imøtekom vi for å høyre deira synspunkt/merknadar utan at vi på det tidspunktet kunne svare ut noko av realitetane. Bedriftene er uroa over at ei bru over Jølstra her vil øydelegge deira tilkomst for trailer samt ta mange bygningar og parkeringsplassar. Etter å ha sett litt på dette fann vi at frykta bedriftene legg for dagen truleg er reell. Vi rådde difor til at det vert gjennomført eit forprosjekt / skisseprosjekt som i hovudsak tek sikte på å avklare om det er mogeleg å bygge ei bru her utan å øydelegge tilkomst og for mange parkeringsplassar. Her må leggest til at det ikkje ligg inne oppkjøp av bedrifter i anslaget for dette tiltaket, berre oppkjøp av naudsynt areal.

Forprosjektet vart utarbeidd av Statens vegvesen og var ferdig november 2018, og vart lagt fram for styringsgruppa november 2018. Hovudkonklusjonen er at det går å bygge tiltak 20 med bru i den planlagde traseen slik at dei fleste bedriftene på Halbrendøyra kan drive vidare. Det må likevel gjerast store tilpassingar som kostar store summar. Dette saman med grunnverv elles gjer til at prosjektet vert mykje dyrare, truleg totalt ca.200 mill. kr. Ramma er 121 mill. 2018-kroner. Dette set prosjektet i eit heilt anna lys, og endeleg avgjerd er ikkje tatt.

## 6. Økonomi

Opphavleg prognose for 2018 vart sett til 152,8 mill.kr. ein vesentleg auke frå tidlegare år. Prognosen for 2018 vart justert ned til ca. 143 mill.kr. ved rapportering etter 1.halvår 2018. Hausten 2018 gjorde vi

ei mindre justering slik at totalprognosen for 2018 vart sett til **139,3 mill.kr.** Rekneskap for 2018 syner 129,2 mill. 2018-kr. Mindreforbruket skuldast i hovudsak at nokre av tiltaka kom litt seinare i gang enn føresett.


Totaløkonomien syner at det er ingen «nye» overskridingar på tiltak som er under bygging. Det er likevel slik at vi no veit om «framtidige» overskridingar på tiltak 01 og 20 samt tidlegare meldt på tiltak 05. Men vi har også tiltak som har gått veldig bra økonomisk.

Alle tiltaka vert underlagt vanleg økonomistyring i Statens vegvesen og kostnad vert rapportert for kvart tiltak når dei er gjennomførde eller viss ein får overskridingar undervegs.

Økonomisk status pr. tiltak går fram av tabellen nedanfor.

Pri. nr.	Prosjektnamn	Kostnads- overslag St.prop 2018-kr.	Total-forbruk pr. 31.12.2017 (2018- kr):	Forbruk år 2018	Forbruk pr 31.12.2018
0	Bomstasjonar	17 292	17 374	167	17 541
1	Fv. Angedalsvegen-Hafstadvegen	161 392	5 629	1 575	7 204
2	Fv. 484 Vievegen	18 445	3 252	1 066	4 318
3/4	E39 Hafstad - Kronborg	51 876	3 793	7 416	11 209
5	Rv. 5 Bergumkrysset	40 348	38 002	40 927	78 929
6/7	E39 x fv. 609 Askvollkrysset	87 613	16 357	29 163	45 520
8	Kv. Gangbru Naustøyna-Storehagen	23 056	927	95	1 022
9	Fv. 481 Storehagen	104 905	1 247	835	2 082
10/11	Kv. Gs-veg Hafstad - Vievegen/Kronborg	81 849	7 344	3 924	11 268
12	Kv. Indre Øyrane-Langebruvegen	97 988	5 795	2 143	7 938
13	E39 Gs-veg Halbrend skule-Hogane	10 375	4 165	1 538	5 703
14	E39 Fjellvegen	224 796	3 330	8 112	11 442
15/19	Fv. 481 Angedalsvegen til Prestfoss bru	415 008	3 571	4 330	7 901
16	Angedalsvegen	48 418	9 193	25 902	35 095
17	Rv. 5 Gs-tunnel Kletten	64 557	2 258	1 043	3 301
18	Kv. Kyrkjevegen aust	51 876	0		-
20	Fv. 609 Halbrendøyra-Indre Øyrane	121 044	0	924	924
	Diverse tiltak *	115 280	3 212		3 212
	Diverse tiltak	1 736 117	125 449	129 160	254 609
	* 304220 Planl E39 Førdepakken				

Førdepakken er porteføljestyrt (som dei fleste bompengepakkar). Det vil sei at vi har ei totalramme og må halde oss til den. Viss det vert økonomiske overskridingar på dei først prioriterte tiltaka må dette «belastast» det sist prioriterte og kan føre til at dette ikkje vert gjennomført. På den andre side beheld ein midlar som vert til gode på andre utbyggingar.



*Kommentarar til grafen:*

*Alle tal i 2019-kr. Totalramma gjeld alle tiltaka (eks. «100mill-potten») slik ramma er vedteken i stortingsprop.137S (indeksreg. til 2019). Totalprognosen er utrekna med siste anslag inkl. alle overskridingar og innsparingar som ein no har oversikt over.*

## 7. Bemanning

Det er 8 fast tilsette i Førdepakken som har kontor i Rødekorsbygget i Førde. Dette er prosjektleiar og byggherrepersonell. Den største bemanninga har vi framleis på planlegging og prosjektering og slik vil det vere ei god stund framover. Dei fleste som planlegg og prosjekterer er tilsett i Statens vegvesen og har kontor på Leikanger.

## 8. HMS

Førdepakken har tilsett eigen SHA-rådgjevar sommaren 2018, som skal følgje opp alle tiltak i Førdepakken. Dette vil føre til ein meir sams HMS-politikk og betre oppfølging frå byggherre si side.

Anleggsarbeida er så langt utført utan skader med langvarig fråvær eller varige men.

## 9. Bompengar:

Administrering- og innkrevjing av bompengar vart etter innføring av bomvegreforma, med verknad frå 01.01.2018, flytta til bomselskapet Ferde as. Dette selskapet er eigd av dei fem fylkeskommunane Aust-

Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland samt Sogn og Fjordane. Ferde as tek seg av bompengeinnkrevjing og drift av bomstasjonane i Førdepakken, årsmelding for 2018 finn ein her: <https://ferde.no/2019/06/pressemelding-ferdes-arsberetning-for-2018-er-borsnotert/>

Statens vegvesen Førdepakken har såleis ikkje noko forvaltningsansvar for bompengeinnkrevjinga men vi vert heldt orienterte samt må legge fram saker for styringsgruppa som gjeld bompengeordninga. Førdepakken rekvirerar inn både bompengar og eigendelane frå eigarane etter trong det enkelte år.

Internt i SVV er det styrings- og strategistaben som utgreier saker om bompengar og evt. revidering av bompengepakkane.

Førde den 30.10.2019

Erling Varlid  
-prosjektleder-